



No går det raskt framover med bru prosjektet ved Dønhaughølen. Men det er også naudsynt, for Naturskadefondet har operert med 6. september som frist. I forgrunnen brua som skal heisast på plass att - på det nye brukaret på andre sida. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I denne månaden er det fire år sidan flaumen raserte Dønhaugbrua og området rundt og no er det like før brua er på plass att.

Med Byggekompaniet som ansvarleg entreprenør har ein no kome eit viktig skritt vidare med byggjeprojektet: Det er støypt fundament og eit nytt brukar til erstatning for det som vart rive vekk. Det andre brukaret var intakt og det samme var sjølve brua. No skal ho løftast på plass att.

Prosjektet skulle eigentleg ha vore gjennomført sist vinter, men byråkratiet ville det annleis og byggeløyvet låg ikkje føre før i juni.

Då vona grunneigar Magne Huglen at brua ville vera på plass att til Festidalen ved månadsskiftet juli/august, men det var ikkje mogeleg og ein måtte ty til eit provisorium for å få publikum velberga over elva. Det gjekk greitt, som for to år sidan.

Og no vil det truleg ikkje vara lenge før Huglen kan ta opp att transporten til og frå areala sine på den andre sida av elva.

I åra som har gått sidan flaumen har han vore tvunge til å køyra via sentrum og riksvegbrua.

Reparasjonen vil kanskje kosta bortimot ein million med ein eigenandel på 200 000 for grunneigaren.

Av Ola Matti Mathisen